

Kristine frå Uskedalen fødte mirakelgutt

25.06.2015



Tage er vårt lille mirakel, erklærer Kristine Ludvigsen (21 år, frå Uskedalen) og Christian Jurs Landa (22 år, frå Odda) i ein stor reportasje i siste nummer av Hjemmet. Dei trudde at dei ikkje kunne få born fordi Kristine har Turner syndrom men så kom sonen Tage som er heilt perfekt. Det er berre jenter som får Turner, en kromosomfeil som gjer at dei mangler eitt kjønnskromosom heilt eller delvis. Det vert født mellom 5 og 10 jenter med slik feil kvart år her i landet. Det er registrert mellom 20 med Turner i Noreg som har fått born.

Dei som har Turner kan i dei fleste høve ikkje få born i det heile tatt. Men Kristine har ein form som heiter mosaikk og som gjer at det er mogeleg hvis ein er ung. Syndromet gjer at Kristine snart risikerer å komme i overgangsalderen. Ho fekk diagnosen då ho var 14 år og berre 143 centimeter høg. Ved hjelp av veksthormoner har lengden auka til 156 centimeter.

Tage kom til verda 2 veker før termin. Fødselen gjekk fint og gutten var heilt innanfor alle normalar med sine 3420 gram og 49 centimeter.

Turner-ramma har normal intelligensutvikling men kan modnast noko seinare sosialt enn dei som er like gamle. Dei kan vera korte og ha ein høgre risiko for å få plager som hørselsproblem, hjartefeil og nyremisdanningar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Gunn Gravdal Elton, Hjemmet